

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-M71	16/411

Saknr	Utval	Type	Dato
066/2021	Formannskapet	PS	02.09.2021

Oppfølging av krav frå Arbeidstilsynet knytt til GMBR - Duesund og Sandnes brannstasjonar

Vedlegg:

Journalposttittel

Garderobes Sandnes stasjon 16.08.2021

Duesund brannstasjon – Revidert plan for rein og skitten sone 16.08.2021

Tilsyn - vedtak om tvangsmulkt

Dato

25.08.2021

25.08.2021

21.06.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjettet knytt til GMBR vert auka med krone 205.000,- slik at kommunen kan få etablert saneringsanlegg ved Sandnes brannstasjon og Duesund brannstasjon.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Arbeidstilsynet har i brev av 10.06.2021 kome med pålegg om at det vert gjort tiltak for å hindra kjemisk eksponering av brann- og redningsmannskapa i Masfjorden og Gulen kommune (GMBR).

I brevet står det mellom anna følgjande :

«Arbeidsgivaren skal sørge for å utarbeide ein plan for tiltak som skal settast i verk for å hindre eksponering for kjemiske forureiningar i arbeidsmiljøet og førebygge helseskadar. Dette skal gjerast i samarbeid med verneombodet / ein representant for dei tilsette.

Vilkår:

For å kunne vurdere om pålegget er oppfylt, må vi innan fristen ha fått ein tidfesta plan med tiltak for dei sju brannstasjonane som minst sikrar:

- *skilje mellom reine og ureine soner i brannstasjonane*
- *garderobar med ureine og reine soner med dusj, handvask og toalett.*
- *åtskilte garderobar for kvinner og menn*

- *tilstrekkelig plass til skap for privat tøy*
- *tilstrekkelig plass til skap for brannbekledning*
- *tilstrekkelig ventilasjon*
- *ventilasjon for å redusere risiko for kjemisk eksponering ved vask av brannbekledning og utstyr*
- *at brannstasjonane er innretta og dimensjonert for dagens bruk*
- *Ei beskriving av korleis verneombodet/representanten for dei tilsette har medverka.*
- *Dokumentasjon som viser bistand frå bedriftshelsetenesta i arbeidet med utarbeiding av planar for tiltak.*

Planane skal vere forankra i kommunen sitt budsjett.»

Vidare skriv Arbeidstilsynet at punkta ovanfor skal vera oppfylt innan 01.11.2021, og at dersom dette ikkje er på plass vil dei krevja inn ein tvangsmulkt på krone 2.000,- per virkedag (måndag til laurdag).

Masfjorden kommune jobbar no med å få på plass krava til Arbeidstilsynet. Administrasjonen har i dialog med både tillitsvald og verneombod innanfor GMBR kome fram til at ein kan klara seg med fire saneringsstadar fram til den nye brann- og ambulansestasjonen på Dalsøyra kjem på plass våren 2022. Desse er:

- **Brekke brannstasjon** (saneringsstad for Brekke og Matre brannstasjon når naudsynte investeringar/ oppgraderingar av stasjonen på Brekke er gjort.)
- **Duesund brannstasjon frå 01.11.2021.**
- **Sandnes brannstasjon (ved Gamleheimen) frå 01.11.2021**
- **Berivest AS sitt lokale i Sløvåg frå 01.11.2021**, saneringsanlegg for Byrknes brannstasjon (og Dalsøyra og Eivindvik fram til våren 2022 når den nye stasjonen er ferdigstilt.)

Administrasjonen har på bakgrunn av denne strukturen for saneringsstadar laga ei skisse for ny garderobe/ saneringsstad for **Sandnes brannstasjon** ved Gamleheimen. Dette vil kreve ein del ombygging med dørar og flytting av toalett, montering av dusjar og diverse røyrleggjararbeid, dette vil koma på om lag krone 100.000,-. I tillegg er det behov for ventilasjon og denne kostnaden vert stipulert til krone 60.000 i dette bygget. **Sum krone 160.000 eks. mva.**

Duesund brannstasjon, her meiner administrasjonen at ein kan dela av eksisterande garderobe med ein vegg i eksisterande gang og setja inn ei ny ytterdør. Dette vert stipulert til krone 15.000,-, i tillegg kjem ekstra ventilasjon på rundt krone 30.000,-. **Sum krone 45.000,- eks mva.**

Det vil og bli ein mindre kostnad til garderobeskåp og inventar. Denne kostnaden vert stipulert til ca 10.000,-.

Totalsum for etablering av garderobar med reine og skitne soner åtskilt for kvinner og menn, med ventilasjon og skåp for privat tøy på Sandnes og Duesund kjem då på ca krone 205.000,-.

Vurdering

Rådmannen meiner at det er heilt naudsynt å jobba med å få på plass krava til Arbeidstilsynet innan fristen, og meiner at den skisserte oppgraderinga med saneringsanlegg for brannmannskap som høyrer til Duesund brannstasjon og Sandnes brannstasjon difor må prioriterast no i haust. Anlegga vil

og kunne nyttast av andre tilsette som kjem i kontakt med kjemiske forureiningar i arbeidsmiljøet, og vil difor vera eit tilbod som fleire kan ha nytte av. Før arbeidet startar opp er det viktig at Arbeidstilsynet aksepterer løysingane som her ligg føre. Vidare må kommunen avklara med Arbeidstilsynet om dei kan akseptere dei mellombelse løysingar som her er skissert for dei andre stasjonane til saneringsanlegg er på plass på Brekke og Dalsøyra. Dette vert det jobba med.

Konklusjon

Rådmannen rår til at ein styrkar driftsbudsjettet knytt til GMBR med krone 205.000,- som sikrar at ein kan få etablert saneringsanlegg ved Sandnes brannstasjon og Duesund brannstasjon.

Formannskapet - 066/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Driftsbudsjettet knytt til GMBR vert auka med krone 205.000,- slik at kommunen kan få etablert saneringsanlegg ved Sandnes brannstasjon og Duesund brannstasjon.